

HMS - Brannvern på arbeidsplassen

Individuell oppgave



Brannvern

Brannvern er viktig for å sikre at alle på arbeidsplassen veit kva dei skal gjere dersom det oppstår ein brann. Det handlar om å forstå korleis ein kan førebyggje brann, kva som må gjerast for å kome seg trygt ut, og korleis ein brukar brannslukkingsutstyr. Ved å lære brannvern kan du bidra til ein trygg arbeidsplass for deg sjelv og andre.



Viktige ord

1. **Rømningsveg** er ein veg du brukar for å kome deg ut raskt og trygt.
2. **Brannalarm** er eit signal som varslar om brann.
3. **Samlingspunkt** er ein stad utanfor bygningen der alle møtest ved brann.
4. Eit **brannslukkingsapparat** er utstyr som du brukar for å slukke små brannar.
5. **Brannførebygging** er oppgåver du gjer for å unngå brann.
6. **Branntavle** er ei tavle som viser oversikt over kvar brannalarmar, slukkingsutstyr og rømningsvegar er plasserte.

Oppgave 1: Fyll inn rett ord på rett stad i setninga:

1. Ein _____ viser kvar brannslukkingsutstyr og rømningsvegar er plasserte.
2. Alle skal møtast på _____ etter ei evakuering.
3. Hvis det brenner, må du følge en _____ for å kome deg trygt ut.
4. Ein _____ varslar om brann og gir beskjed om å evakuere.
5. Å gjere oppgåver for å hindre at brann oppstår, blir kalla _____.
6. Bruk _____ for å slukke ein liten brann før han spreier seg.

Oppgåve 2: Reflekter

- a) Kvifor er det viktig å vite kvar rømningsvegane er?
- b) Korleis kan du førebyggje brann på ein arbeidsplass?
- c) Har du nokon gong brukt brannslukkingsutstyr? Korleis fungerte det?



Oppgåve 3: Bli kjend med branntavla

- a) Finn branntavla på arbeidsplassen din.
- b) Skriv ned kvar brannslukkingsutstyr, rømningsvegar og samlingspunktet er.
- c) Diskuter med ein kollega eller kursleiar kva branntavla viser, og korleis du brukar denne tavla i ein naudsituasjon.

Kva bør du gjere dersom det oppstår ein brann?

1. Varsle – Trykk på brannalarmen for å seie frå til alle på jobben.
2. Redde – Hjelp dei som er i fare, dersom det er trygt for deg.
3. Slukke – Bruk brannslukkingsapparat for å slukke brannen dersom han er liten og det er trygt.
4. Evakuere – Gå ut av bygningen raskt. Følg rømningsvegane og gå til samlingspunktet. Vent på beskjed frå brannvesenet.

Hugs:

Ver roleg og ikkje gjer noko som kan setje deg sjølv eller andre i fare.

Oppgåve 4:

Skildre korleis du ville reagert i ein situasjon der brannalarmen går på arbeidsplassen. Kva gjer du først, og kvifor?

